

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 10/2021 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt om arbeidsmiljø innan oppvekstsektoren

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 12.04.2021	Sak nr 10/2021
---	-------------------------------	--------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom utkast til prosjektplan i møtet og godkjenner denne, med eventuelle endringar.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	Mars 2021	KPMG	Prosjektplan – arbeidsmiljø i oppvekstsektoren – Lærdal kommune

BAKGRUNN

Det vert vist til plan for forvaltningsrevisjon, samt til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 6/2021:

Kontrollutvalet vil til neste møte be om å få framlagt ein prosjektplan for ein arbeidsmiljøundersøking innan oppvekstsektoren.

Som vedlegg nr 1 følgjer framlegg til prosjektplan frå revisor. I møtet vert det lagt opp til at kontrollutvalet går gjennom planen og kjem med eventuelle innspel til endringar i planen.

Forvaltningsrevisor deltek under handsaminga av saka for å kunne svare på spørsmål og/eller innspel til endringar.



Prosjektplan

Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren
Lærdal kommune

Mars 2021

www.kpmg.no

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Forslag til tilnærming	3
2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier	4
2.1 Føremål	4
2.2 Problemstillingar	4
2.3 Revisjonskriterier	4
3. Tilnærming	6
3.1 Metode	6
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	7
4. Prosjektteam og honorar	8
4.1 Prosjektteam	8
4.2 Honorar	8

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet har i vedtak 6/20 bedd om ein prosjektplan for ei arbeidsmiljøundersøking i oppvekstsektoren. Denne planen svarar ut den bestillinga.

1.2 Forslag til tilnærming

Med bakgrunn i informasjonen om temaet som ligg føre i saksgrunnlaget og vedtaket i kontrollutvalet i Lærdal kommune foreslår vi å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon me problemstillingane nemnt under.

2. Føremål, problemstillinger og revisjonskriterier

2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke i kva grad Lærdal kommune har eit arbeidsmiljø som tilfredsstill krava i arbeidsmiljøloven, om det er tilstrekkelig leiingskompetanse og om det er ein god nok strategi for eit langsiktig godt arbeidsmiljø.

Undersøkinga vil avgrensast til oppvekstsektoren i kommunen.

Undersøkinga vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom det avdekkjast avvik eller moglege forbetningsområde.

2.2 Problemstillinger

På bakgrunn av føremålet blir følgjande problemstillinger foreslått:

1. Korleis er arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren i kommunen?
2. Innfrir kommunen sine lovpålagte plikter knytt til krav til arbeidsmiljø?
3. Har leiarar med personalansvar tilstrekkeleg kompetanse når det gjeld arbeidsmiljø og personalleiing?
4. Kva tiltak vert gjort for å sikre løypande fokus på arbeidsmiljø og personalpolitikk, særleg i einingane der arbeidspresset er størst?
5. Vert verneombod og tillitsvalde involvert i tilstrekkeleg grad i saker som gjeld arbeidsmiljøet?

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utlede revisjonskriterier vil vere:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)
- ✓ Kommunale vedtak og retningslinjer
- ✓ Rettleiingar frå KS og Arbeidstilsynet

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn data ved bruk av følgende teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Spørjeskjema
- ✓ Intervju
- ✓ Case (om nødvendig)

Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon frå kommunen som kan gi informasjon om problemstillingane. For å bevare problemstillingane vil det vere nødvendig å avklare nærmare i dialog med kommunen kva dokumentasjon som er relevant for undersøkinga. Vi legger blant anna opp til å sjå på kommunen sine planverk, strategiar, rutinar og system for arbeidsmiljøet.

Vi vil nytte spørjeundersøking for å kartlegge korleis arbeidstakarar og mellomleiarar opplev arbeidsmiljøet.

Vi vil gjennomføre intervju med relevante respondentar. Føremålet med intervjuet er å få utfyllande informasjon og forklaringar til dokumentasjonen. Relevante respondentar vil vere kommuneleinga, sentrale tillitsvalte og utvalde mellomleiarar basert på resultatane frå spørjeundersøkinga. Andre relevante respondentar kan også bli intervjuet. Val av respondentar til intervju vil bli avtalt nærmare med kommunen.

Ved gjennomføring av intervju utarbeidast det intervjuet. Frå kvart intervju skriver vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigerings). Svar frå respondentar analyserast og samstillast deretter med dokumentasjonen elles.

Dersom det i løpet av spørjeundersøkinga og/eller intervjurunda kjem frem vesentlege avvik i handsaminga av dei tilsette sitt arbeidsmiljø kan det bli aktuelt å undersøke ein eller fleire reelle hendingar (case).

Det vil bli utarbeidd ein skriftlig sluttrapport som gjør greie for undersøkinga, funn og tilrådingar. Utkast til rapport vil sendast på høring til relevante aktørar før det utarbeidast ein endelig sluttrapport. Sluttrapportering til kontrollutvalet vil skje ved framstilling av en revisjonsrapport. Det vil være ein rød tråd gjennom rapporten, og rapporten vil være kvalitetssikra og prøvbar.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Vi vil nytte 185 timer på oppdraget, fordelt på hovudaktivitetane planlegging, gjennomføring og rapportering. Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktiviteter	Timer	Mai				Juni					Juli				August				September					Oktober				November				
		18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	
1 Forberede																																
Forundersøkelse Etablere prosjektplan Godkjenning prosjektplan																																
2 Starte opp																																
Sende oppstartsbrev Oppstartsmøte Revisjonskriterier Dokumentliste Intervjuplan																																
3 Gjennomføre																																
Dokumentanalyse Spørjeundersøking Intervjuguide Intervjuer Analyse Kvalitetssikring Rapportutkast																																
4 Rapport																																
Ferdigstille rapportutkast Høring rapportutkast Oversending av rapport Presentasjon KU																																

Forvaltningsrevisjonen vil starte opp i mai, etter vedtak i kontrollutvalet. Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen om arbeidsmiljø vil vere i mai-oktober. Vi vil levere rapporten til kontrollutvalsmøtet i november 2021.

4. Prosjektteam og honorar

4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av følgende:

- ✓ Oppdragsansvarlig partner Harald Sylta
- ✓ Prosjektleder Sindre Dueland
- ✓ Prosjektmedarbeidar Magnus Heggen
- ✓ Prosjektmedarbeidar Emilie Vangen

4.2 Honorar

I samsvar med avtale.



Kontakt oss

Harald Sylta

Partner

T +47 40 63 96 66

E Harald.Sylta@kpmg.no

Sindre R. Dueland

Senior Associate

T +47 900 16 386

E sindre.dueland@kpmg.no

kpmg.no

© 2021 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.